

# **Referat fra styremøte i Sunnmør skyttersamlag.**

**Sted og tid: Olsvika, Ålesund. Mandag 15. januar kl 1830**

**Desse møtte:** Ola Vangen, Bjørn Egil Larsen, Paul Moen, Kjell Oddvar Frøysa, Helge Hollund Surdal og Ola Kåre Dybvik, Stian Alexander Skog-Karlsen.

**Møtte ikkje:** Rolv Arne Ljøen.

*Sak 1: Dei frammøtte held ein kort introduksjon av seg sjølv.*

*Sak 2: Konstituering av styret.*

*Leiar og kasserar var allerede valgt. Nestleiar: Ola Kåre Dybvik. Skrivar/referent: Bjørn Egil Larsen. Utdanningskontakt: Kjell Oddvar Frøysa. Premiering: Ola Vangen. Interne skytinger/cuper: Ola Vangen, Kjell Oddvar Frøysa. Sponsorkontakt: Ola Kåre Dybvik.*

*Sak 3: Gjennomgang av protokoll fra Ombudsmøtet.*

*Sak 4: Tilgang til «verktøykasse» samlag.*

*Dei som skal ha tilgang er leiar, nestleiar, kasserar, utdanningskontakt og ungdomsleiar.*

*Sak 5: Eventuelt:*

*Heimeside: Styret drøfta alternativet om å forandre formatet til heimesida til samlaget og heller gå over til DFS Grasrot, istadenfor den sida vi har i dag. Skyttarkontoret snakka varmt om dette systemet og styret er også enig i at dette kan vere eit betre system for å gjere jobben med å halde sida oppdatert enklare. Styret vil sjekke ut DFS Grasrot nærmare og ta ei vurdering på dette.*

*Økonomi: Bilag må komme i to forskjellige former til kasserar for att han skal kunne godkjenne dei, til dømes ein kopi pr email og ein fysisk pr vanlig postgang.*

*Ungdomleiaren og utdanningskontakten vil snarast mogleg prøve å lage ein veiledande plan for forventa aktivitet 2018 slik kasserar kan forespeile økonomien for året.*

Styret har også ønsker å gå tilbake til å prøve å koordinere camping for våre deltagere på LS og eventuelt andre større arrangement om dette er ønskelig fra laga som skal delta.

Forslag til ny møtedato: mandag 26.feb